



ALPERITTET

Løparinformasjon og regler

Rennet går føre seg på eit fjell, med dei vér- og føreforhold som rår der.

Du er sjølv ansvarleg for å køyre etter evne og eigne ferdigheiter. Ikkje minst er du ansvarleg for å finne vegen sjølv, bruk god tid på besiktinga slik at du hugser kor løypa går.

Det er sett opp leieportar som skal passerast. Dette er ikkje eit vanleg alpinrenn, med dei krav til portavstandar som krevjast der.

Løparar blir identifiserte med startnummer og brikke. Brikka plasserer du over støvel, under buksa, på høgre fot.

Om ein ikkje har brikke, blir det heller ikkje nokon tid.

Brikka og startnummer skal leverast tilbake til funksjonær i målområdet.

Om brikka ikkje blir innlevert får du eit gebyr på kr 950,-

Resultatservice kjem fortløpande i mål. Det blir også hengt opp mellombelse resultatlistar når rennet er ferdig.


Ingen klasser vil være ferdige før alle løparar er i mål. Slik blir det fordi alle etterpåmeldte startar sist i rennet.

Etter at siste løpar er i mål, blir det hengt ut diskelliste. Dei som vil klage på diskling må gjere det innan 15 minutt etter at lista er hengt opp.

Klagen må gjerast skriftleg, og det kjem til eit gebyr på kr. 100. Blir klagen godkjent, får du att gebyret.

Lukke til!

Hjelm som dekkjer øyrene er påbode.
Sett på nummerlapp på høgre side



Fartsdress eller taping av kle er
ikkje tillete i nokon klasser

Alle må køyre reipelykkja,
Snowboard tek ein full stopp ved reipelykkja



Dett du forbi en port blir du
ikkje diska, køyr vidare!

Det er ikkje krav om å
bruke telemarkteknikk.




Startnummer, tidtakarbrikke, inngangsbillett til
løparmiddag og anna info blir delt ut på rennkontoret på
Storfjord Kulturhus.

Rennkontoret blir ope fredag kl. 18.00 – 21.00 og laurdag
08.00 – 10.00. Det er mogleg å melde seg på rennet fram
til kl. 10.00.

Startnummeret fungerer også som heiskort.
Heisen startar å gå kl 09.00



Transport opp til Strandafjellet Skisenter laurdag morgon
frå Storfjord Kulturhus kl. 09.30.
(Deltakarar er prioritert)



Besiktigelse av løypa er mellom kl 10.00-11.00

Start på startbua for den gamle utforløypa. 15-20 min å gå
frå avstigning stolheis/gondol.

Løparmiddag og premieutdeling på Storfjord kulturhus kl
16.00 Sjå fullstendig program på www.alperittet.com

Rennstart kl 12:00!

Du står sjølv ansvarleg for å være på start til rett tid.